



Claus Sellevoll

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/7700 - 16/3004

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

03.02.2016

## Svar på manglande brøyting til Øvre Gjervik

Teknisk drift syner til Dykkar e-post av 01.02.2016 vedkomande manglande brøyting i kommunal veg til Øvre Gjervik. Teknisk drift ser at brøytekontraktør har utført salting av vegen den 01.02.2016 kl. 05.54.03. Dette ser vi ut i frå GPS systemet som kommunen har innført. Det vi her ser, er at brøytekontraktør også burde utført brøyting av veg. Teknisk drift vil ta dette opp med brøytekontraktør.

Kommunal veg til Øvre Gjervik er ein veg som ein ikkje kan forvente å være snøfri til ein kvar tid. Slik situasjonen er i dag, må brøytekontaktør prioritere dei vegane som har høgast trafikkettleik. Det er svært vanskeleg å få snøfrie veger med det budsjettet kommunen har og dei ustabile værholda ein har på vestlandet.

Brøytekontraktørane har fått generelle retningslinjer for vintervedlikehaldet, og samarbeidet med dei er basert på tillit under ansvar der dei sjølv vurderer når dei bør utføre brøyting og/eller strøing.

Ved melding om manglande brøyting/salting ber vi Dykk om å ta kontakt med vegavdelinga, tlf 56 37 50 00, eller utanom kontortid, vakttelefon 918 61 247, slik at brøytekontraktør raskast mogleg får beskjed.

Med helsing

Rune Kilen  
Avdelingsleiar veg

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



**Mottakarar:**  
Claus Sellevoll